

# Sakspapir

| Saksbehandlar              | Arkiv              | ArkivsakID |
|----------------------------|--------------------|------------|
| Svein Helge Hofslundsengen | FE - 024, FE - 002 | 15/30      |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 031/2016 | Formannskapet | PS   | 16.03.2016 |
| 016/2016 | Kommunestyret | PS   | 16.03.2016 |

## Kommunereform - høyring av framforhandla intensjonsavtale med Gulen

### Vedlegg:

| Journalposttittel | Dato       |
|-------------------|------------|
| Intensjonsavtal   | 09.03.2016 |
| Vedlegg 1 til i   | 09.03.2016 |

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Kommunestyret i Masfjorden legg intensjonsavtalen med Gulen kommune, versjon 1.0 datert 1.mars 2016 ut på høyring – med høyringsfrist 10.april ´16, og ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016.
- Kommunen vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøter den 4.april ´16 på Nordbygda skule, 5.april ´16 Matre skule og 6.april ´16 Sandnes skule, alle kl. 19-21.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Stortinget vedtok i 2014 at det skal gjennomførast ein kommunereform. Det er klare nasjonale føringar for at kommunar skal ha ein viss størrelse og regjeringa legg opp til færre og større kommunar meir i samsvar med bu- og arbeidsmarknadsregionane. Regjeringa har bede alle kommunane om å gjere vedtak om kommunereforma innan 1. juli 2016.

Kommunane Masfjorden, Solund og Gulen hadde sitt første forhandlingsmøte 25. mars for ca 1 år sidan.

Det vart gjennomført 1 møte med Høyanger kommune. Modalen kommune deltok som observatør på 1 forhandlingsmøte. Det gjennom siste året vore gjennomført fleire forhandlingsmøter mellom Gulen og Masfjorden kommunar.

Rundt nyttår 2015/2016 vart det avklart at Solund primært ynskte å gå vidare som eigen kommune, alternativt dersom dei skulle søke saman med nabokommunar så ynskte dei å gjere det nordover i eige fylke.

Kommunane Masfjorden og Gulen sluttførte sine forhandlingar 1. mars. Begge kommunane deltek i det skisserte løpet som går for ny Nordhordland kommune, og tidsløpet for ein evt ny Gulen kommune går parallelt. *Viser elles til saksutgreiinga og sak om intensjonsavtale Nordhordland kommune og fyldigare dokumentasjon/utgreiing, som er felles for begge intensjonsavtalane.*

### **Vurdering**

Intensjonsavtalane vert no lagt fram for dei respektive kommunestyra med sikte på offentlig utlegging. Intensjonsavtalen byggjer på forhandlingar 1. mars. Avtalen er ikkje signert av forhandlingsutvala enno, og endringar kan framleis skje. ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016. Det er fastsett ein felles møtedag for alle kommunestyra 22. juni 2016 med tanke på å gjere vedtak om ny kommune. Melding til departementet må vere levert innan 1. juli 2016.

### **Fakta**

Sjølve intensjonsavtalen følgjer som saksvedlegg inkl. 1 vedlegg

### **Konklusjon**

Kommunestyret i Masfjorden legg intensjonsavtalen med Gulen kommune versjon 1.0 datert 1.mars 2016 ut på høyring – med høyringsfrist 10.april '16, og ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016.

Kommunen vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøter den 4.april '16 på Nordbygda skule, 5.april '16 Matre skule og 6.april '16 Sandnes skule, alle kl. 19-21.

## **Formannskapet - 031/2016**

### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte kort og saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om følgjande endring i siste del av pkt 6:

Til dagens Masfjorden kommune skal ein legge klare kommunehustenester knytt til kolonne 2 i vedlegg 1 (oppgåver som i hovudsak skal løysast på kommunehuset). I tillegg ~~skal~~ kan tenester knytt til m.a. økonomi, som er definert i kolonne 4 i vedlegg 1 leggest til Masfjorden.

Til dagens Gulen kommune ~~skal~~ kan ein legge tenester knytt til m.a. helse/barnevern/PPT/PU o.l. kultur og tekniske tenester, som er definert i kolonne 3 og 4 i vedlegg 1 med endring.

- der tekst merka gult skal leggest til og tekst merka raudt skal strykast.

Røysting:

Framlegg til vedtak med endringane gjort greie for over vart samrøystes vedteke.

### **FS - vedtak:**

- **Kommunestyret i Masfjorden legg intensjonsavtalen med Gulen kommune, versjon 1.0 datert 1.mars 2016 ut på høyring med desse endringane:**

Til dagens Masfjorden kommune skal ein legge klare kommunehustenester knytt til kolonne 2 i vedlegg 1 (oppgåver som i hovudsak skal løysast på kommunehuset). I tillegg kan tenester knytt til m.a. økonomi, som er definert i kolonne 4 i vedlegg 1 leggest til Masfjorden.

Til dagens Gulen kommune kan ein legge tenester knytt til m.a. barnevern/PPT/PU o.l. kultur og tekniske tenester, som er definert i kolonne 3 og 4 i vedlegg 1 med endring.

– med høyringsfrist 10.april ´16, og ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016.

- **Kommunen vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøter den 4.april ´16 på Nordbygda skule, 5.april ´16 Matre skule og 6.april ´16 Sandnes skule, alle kl. 19-21.**

### **Kommunestyret - 016/2016**

#### **KS - behandling:**

Ordførar orienterte kort og saka vart drøfta.

Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) ba om at følgjande vart protokollert:

- Masfjorden FrP heldt fast på at eigedomsskatt på hus og hytter må fjernast heilt.
- Masfjorden FrP vil vidareføre helsetenestene og legetenesta som i dag (Hosteland)

Frode Langhelle (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyre ber ordførar / forhandlingsutvalet om å ta kontakt med Gulen kommune for å endre teksten i avtalen som vedteke i Masfjorden formannskap og diskutert i Masfjorden kommunestyre før avtalen vert undertekna og lagt ut på høyring.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå Høgre vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

Kommunestyre ber ordførar / forhandlingsutvalet om å ta kontakt med Gulen kommune for å endre teksten i avtalen som vedteke i Masfjorden formannskap og diskutert i Masfjorden kommunestyre før avtalen vert underteikna og lagt ut på høyring.